

Møtereferat i Bømlo Ungdomsråd 06.11.2024, kl. 10:00-13:00

1. Ungdomsrådet vart konstituert
2. Til stades:

Alis Natterøy	- Leiar
Bjarte Tjensvoll Notland	- Nestleiar
Nora Mæland	- medlem
Anna Fjelland Hovland	- medlem
Ingeborg Ervik Strand	- medlem
Julia Eidesvik	- medlem
Selma Dørheim	- medlem
Lilja Halvorsen	- medlem
Ellie Gausel	- medlem
Emma Demic	- medlem
Michelle Innvær	- medlem
Askel Ersland Lindskog	- medlem
Vigdis Mæland	- vara
Adele Lovise Navikauskas	- vara
Eline Vold	- vara
Daniel Stavland Lønning	- vara
Andrea Torkelsen	- vara
Thea Ingvaldsen	- vara

Johanne Kristiansen - koordinator
Vibeke Robberstad Sortland - møtesekretær
Marianne Lidal – Ressursperson
3. Informasjon
 - Film om kommuneplanen sin samfunnsdel
 - Informasjon om reglementet på [nettsida vår her](#)
4. Hadde ein runde rundt bordet og presenterte oss
 - Namn, skule, fritid, ein ting om deg
5. Viste film om oppgåver ungdomsrådet medverknad
6. Viste film om ungdomsrådet og kva er viktig for å ha godt møte
Møte innkalling
 - Leiar, nestleiar og koordinator har diskutert
Vanskeleg å få kontakt
Gjekk gjennom innkalling og fråvær
 - Viste film om tips til deg som sitt i ungdomsrådet
 - Alle skriv kva dei tenkjer er viktig for å få til gode møter i år
 - Laga lappevegg

Bjarte lagar eit forslag med «slik gjer me det i Bømlo ungdomsråd» basert på lappa ein har laga.

- Innlegg og replikk Leiar og nestleiar forklarte ulikheit og teikn
 - Korleis kommunisere internt i ungdomsrådet
- Vedtatt at ein kommuniserer gjennom messengergruppa

7. Positivt og negativt frå oppstartssamlinga:

Bra, lærerikt, gøy og kjekt det var ilag med Askøy

Johanne forklarar litt negative tilbakemeldingar:

Kjekt det var planlagt av ungdommar, oppfordrar ungdomsrådet til å engasjerer seg neste år, avhengig av erasmus pluss midler

Rom fordeling, fleire aktivitetar, meir gruppearbeid, QR koder, nytta og linkar på e post og Bømlo kommune sine nettsider.

Starta tidelegare neste år, slik at informasjonen går ut før sommaren

Tema til workshops, sendt dei under vegs i året

8. Bjarte gjekk gjennom resultatet frå Mostratinget for unge.

Solidaritet, demokrati, tillit,.....5..... vedlagt

Utvida demokrati, klima miljø5. vedlagt

[ungdomserklæring Mostrating for unge](#)

9. Arbeidsgrupper

Vedtøk desse arbeidsgruppene

Tid i skuletid pga. skyss, enkelt, det vert kalla inn til arbeidsgrupper veldig snart

a. Psykisk helse

Michelle Innvær – Leiar

Ingeborg Ervik Strand – Nestleiar

Ellie Gausel

Thea Ingvaldsen

b. Rus

Askel Ermland Lindskog – Leiar

Emma Demic – Nestleiar

Vigdis Mæland

Adele Lovise

c. Transport og mobilitet

Selma Dørheim – leiar

Julia Eidesvik

Lilja Halvorsen

d. Fritid ink. Gamle BUS

e. SoMe Team

Lilja Halvorsen - Leiar

Andrea Torkelsen

Michelle Innvær

Forslag at d og e vert slått saman – vedtatt

10. Johanne gjekk gjennom møteplan for 2025

Forklarar tema for dei to neste møta i år, vert ikkje sendt ut innkalling til møtet neste veke

Sunnhordland ungdomsråd, 9 desember, der skal leiar og nestleiar

Vestlandskonferansen, i januar, leiar og nestleiar reiser på denne – Invitert av fylkesordførar til å presentere Ungdomserklæringa i frå Mostrating for unge

Ungdomspolitisk dag, oppfølging Ung data undersøkinga – mobbing, hatprat, rasisme – søkt om tilskotsmidlar

«Me høyre te» Konsert for ungdommar, med lokale ungdommar, forkant av denne ulike workshops

med kreative uttrykk, band, film vert vis.

Kan kombinerast med verdens dag for psykisk helse – me søker om tilskotsmidlar

Bømlo pride 2025, engasjera seg, visa alle er verdt lika mykje og det skal vera lov feira ungdomsrådet jobbe for

Deltaking på demokratiseminar på Utøya

Vestland ungdomsråd (VU), 9 representantar frå ulike plassar. 2 stykk frå Bømlo ungdomsråd kan sendast til Fylkesting for ungdom som vel VU

Mykje som skjer det neste året, de skal forma det og velja korleis de ynskjer ha det.

11. Innspel

Blanda toalett på Bømlo vidaregåande skule, no er alle toalett blanda. Ynskjer at to doer ikkje er blanda.

Leiar i ungdomsrådet tek det opp med skulen at dette vart handsama på feil måte med å berre setja opp kryss over dame og herre.

Vedtak i fylke, Michelle tek det med til VU, snakkar om kva andre tenkjer.

Michelle og Vilja tek ansvar for to aktivitetar neste gong, nyttar grønt kort når møtet er tungt.